



Naturvernforbundet

Ørsta og Volda

Nyhendebrev våren 2025

Gode medlem!

Vi er alt halvvegs i året, og tid for ein liten undervegsrapport om nokre saker vi har vore engasjerte i denne vinteren og våren.

Men først litt om styret i *Naturvernforbundet i Ørsta og Volda*:

På årsmøtet 6.3.2025 vart følgjande folk valde:

Leiar: Torgeir Parr Dimmen. Styremedlemmer: Geir Helge Nilsen (kasserar), Knut Festø, Trude Nordal, Liisa Mänd, Helge Wangberg. Varamedlem: Sigve Aklestad.

Alle er valde for eitt år.

(Vedtektsendring om toårige valperiodar for styremedlemmene vil truleg bli sak på neste årsmøte.)

Samla medlemstal pr. 1. juli 2025 er 197. Dei aller fleste er registrerte som hovudmedlemmer. I tillegg kjem nokre husstandsmedlemmer og miljøagentar (dvs. born).

Viktigaste saker og uttalar/innspel

Sunnmørsalpane/Hjørundfjorden nasjonalpark?

Dette spørsmålet var utgangspunkt for eit godt besøkt temamøte vi arrangerte før årsmøtet i Ørsta 6. mars. Lars Haltbrekken (SV-politikar og tidlegare Naturvernforbundsleiar) hadde hovudinnlegget. På dette møtet var det også to kortare innlegg - frå Mari Melbø Rødstøl, nasjonalparkforvaltar i Reinheimen nasjonalpark, og vår eigen Knut Festø. Han presenterte m.a. nokre idear/visjonar om vern av deler av fjord- og fjellområda i Ørsta/Volda/Hjørundfjorden.

Fleire lokalpolitikarar i Ørsta og Volda er også opptekne av dette, og på initiativ frå Ørsta Venstre har kommunestyret i Ørsta no vedteke å be Statsforvaltaren om «ei orientering om vidare prosess og utgreiingsprogram» som grunnlag for ei eventuell sak om å etablere nasjonalpark på Kolåshalvøya (og langs Hjørundfjorden?). Her er det altså opna for omkamp etter saka som vart avvist i 2022.

<https://www.nrk.no/mr/sunnmorsk-klatreklubb-og-orsta-ordforar-vil-at-molladalen-og-sunnmorsalpene-skal-bli-nasjonalpark-1.17334222>

Kvar grensene skal gå, kva vernestatus ulike område skal ha og korleis ferdselen bør regulerast i ein eventuell nasjonalpark er sentrale spørsmål som må drøftast nærare. Det skal m.a. skje på eit temamøte på årets Naturfestival i Ørsta/Volda, med underteikna som hovudinnleiar.

Tid og stad er onsdag 13.8. kl. 18, på Ørsta folkebibliotek (med atterhald – sjekk oppdatert program). DNT Sunnmøre er arrangør av årets naturfestival, inkludert dette temamøtet.

Konsesjonsrevisjon i Mørevassdraget, Austefjorden

Saka gjeld fornying av Tussa sin konsesjon for kraftverket i nedre del av vassdraget frå Grøndalen til Austefjorden. Saman med Volda jeger- og sportsfiskarlag sende vi krav om dette for 11 år sidan. Etter fleire administrative rundar vart det formell NVE-sak i fjor. Saman med Volda jeger og fisk sende vi høyringsuttale i mars, der vi særleg var opptekne av miljøutfordringane i nedre del av vassdraget. I juni deltok vi på NVE-innkalla synfaring saman med Tussa, grunneigarar og Volda jeger og fisk. Vi har god tru på at krava våre vinn fram her.

Utviding av Tussa-kraftverket på Bjørke

Tussa skal til med store tiltak på Bjørke. Vi deltok på eit informasjonsmøte om dette i fjor haust. Målet er å få meir effekt ut av dei vass- og elveressursane som vart utbygde på 1950- og 60-talet. Vi ser positivt på at det kjem meir energi ut av vassdrag som allereie er utbygde. Når det ligg føre meir detaljerte planar for kva som skal skje, vil vi følgje med, og gjere vårt til at dei planlagde nye inngrepa (t.d. anleggsvegar og massedeponi) vert så skånsame som mogleg.

Naustutbygging ved Rotevatnet

Vi har markert oss med kritikk av Studentsamskipnaden sitt prosjekt med nytt naust ved Rotevatnet med tilhøyrande tilrettelegging (i 2023). Her vart det gjort større inngrep i naturen enn det som var godkjent, noko Volda kommune reagerte på – etter merknad frå oss. Vi har levert høyringsuttalar til dispensasjonssøknaden, og det ser ut som det no blir gjort nokre endringar i tråd med våre innspel.

Industri i Morkavika/Åseneset?

Dei siste vekene har det vore mange saker og lesarinnlegg i lokalavisene om behov for meir industriareal i Volda og om kvar det eventuelt kan etablerast. Området ved Morkavika og Åseneset har vore framme som eit alternativ, til store protestar frå mange – særleg dei som bur i området. Vi er sjølvsagt samde med dei om at dette området må takast vare på slik det er i dag – med dyrkamark, beitemark, skog og god tilgang til friområde og strandlinje. Vi deltok på synfaringa grendalaget hadde saman med Volda formannskap, og har skrive innlegg i lokalavisene.

<https://www.morenytt.no/ordskifte/i/iQyaAn/verdival-i-morkabygda>



Rydding og merking av sti mellom Lekneset og Trandal

Saksa turstiforeining har nyleg hatt to dugnadsøktar for å rydde og merke ein sti mellom Lekneset og Trandal. Dette er eit område (ca. 5 km i luftlinje) med bratt og ulendt terreng der det tradisjonelt har vore svært lite ferdsel til fots - i alle fall på det meste av strekninga. Vi er kritiske til auka ferdsel her, først og fremst av omsyn til havørnane som held til i dette området. Detaljar om ørnebestanden i Hjørundfjorden og lokalitetar for hekking er m.a. omtala i ein rapport frå 2023, tinga av Ørsta kommune. Vi har meldt ifrå om vår syn i denne saka til Saksa turstiforeining og DNT Sunnmøre (som var medarrangør på den første dugnaden).

Ny fylkesveg 60 gjennom Hornindal

Arbeidet med å planlegge ny fylkesveg 60 gjennom Hornindal – frå Røyarhus bru til Tomasgard – er godt i gang. Dette er eit svært stort byggeprosjekt ned omfattande naturinngrep. Vedtaket om traseval vart gjort i Møre og Romsdal fylkesting i juni 2023, og frå hausten 2024 har ein gjennomført grunnundersøkingar og anna kartleggingsarbeid i den vedtekne traseen. Førebels plan vart presentert på eit informasjonsmøte i Hornindal i mai, der vi var med som tilhøyrarar.

Vi er kritiske til linevalet som vart gjort i 2023, noko vi har gjort greie for både i eige notat til fylkeskommunen og i ein kronikk i Sunnmørsposten:

<https://www.smp.no/meninger/kronikk/i/vg7b44/vegval-i-hornindal>

Kampen om vegvalet er nok tapt, men vi skal følge med vidare. Naturtapet må blir så lite som råd!



Helikoptertrafikk/landing i fjellområde

Det siste året har vi levert to klagar på landingsløyve for helikopter i fjellet. Hausten 2024 galdt det turar til eit bryllaup i Småskora i Hornindal. Våren 2025 handla det om opptak til TV-program med aktivitet ved Kvanndalen (ved Standalseidet) og Kolåstinden. Volda og Ørsta kommunar ga løyve til desse helikopteroppdraga. Vi har klaga til Statsforvaltaren og bede om ei presisering derifrå om kva som kan reknast som «særlege grunnar» i motorferdselslova sitt generelle forbod mot slik helikopterflyging og -landingar.

Gondol til Jostedalsbreen

Planane om gondol frå Lundebotn (ved enden av Kjøsnesfjorden) til Jostedalsbreen var ute til høyring i byrjinga av juni. Sjølv om dette prosjektet ligg utanfor vårt nærområde (Ørsta-Volda), ville vi markere vår støtte til alle i grannfylket (og andre stader) som kjempar mot desse planane. Vi i Naturvernforbundet er svært kritiske til slike store inngrep i sårbar natur, og gjer det vi kan for å bremse «gondolfeberen» som no herjar mange stader.

Fast post: Torske- og lakseoppdrett i fjordane i Ørsta og Volda.

Her er det stor aktivitet på mange ulike stader. Vi prøver å følge med på det som skjer, og er særleg merksame på søknader om løyve til utviding og nye anlegg. Vi svarar og på det som måtte kome av åtak frå næringa på vårt føre-var-prinsipp med tilhøyrande restriktive haldning til det som kan øydelegge miljøet i havet og levevilkåra for villfisken.

Anna aktivitet:

9. april: Elverydding Djupegrova (frå Høgskuleområdet) med pølsegrilling etterpå. 12-14 miljøagentar (med gode hjelparar) deltok.

3. juni: Elverydding i Øyraelva, saman med Volda jeger- og sportsfiskarlag. Mellom 20 og 30 deltok på ein effektiv og godt organisert aksjon. Boss vart samla på Årneset og henta av VØR dagen etter.

Sommar/haust 2025

Onsdag 13. august: Temamøte om nasjonalpark

Ørsta folkebibliotek kl. 18. (Sjå omtale over)

Arrangementet er ein del av programmet på Naturfestivalein i Ørsta og Volda (8-17. august)

Laurdag 30 august: Nasjonal aksjonsdag før Stortingsvalet

Denne dagen aksjonerer Naturvernforbundet over heile landet for å merksemd om aktuelle miljø- og naturvernsaker.

<https://naturvernforbundet.no/event/vakn-opp-for-valget/>

Lokalt arrangement: Vassdragsafari til Sunnylven. Tema: Vern av verdfull vassdragsnatur.

Vi planlegg buss frå Volda (avgang truleg mellom 10 og 11) via Ørsta, Sæbø, Norangsdalen og Hellesylt til Frøysadalen. Der vert det fottur til vakre Vatnedalsvatnet. Vi ser på elvar (og anna flott natur) og orienterer om gjennomførte og planlagde utbyggingsprosjekt.

Hald av dagen! Meir detaljert informasjon om program og påmelding kjem seinare.

Laurdag 20. september: Grøn festival. Tema: Haust sjølv – mat frå åker og natur.

Ørsta kulturhus kl. 11-16. Korleis tek vi vare på det vi dyrkar i hagen/haustar i naturen/frå havet?

Dette blir ei oppfølging av tema og foredrag på Grøn festival-suksessen i april 2024.

Arrangør: Grønt forum Ørsta og Volda (der Naturvernforbundet er med)

Fleire detaljar om programmet kjem i ymse kanalar etter sommaren.

Granryddedag. (Dag og stad kjem seinare)

Vonleg blir det også fleire arrangement i vår regi i haust – ev. i samarbeid med andre. Følg med!

Elles:

Følgje med på planarbeid i Ørsta og Volda (og i nabokommunane).

To av dei større prosjekta for tida er arbeid med ny kommuneplan i Ørsta (samfunnsdel og arealdel) og kommunedelplan for naturmangfald Volda.

Til slutt

Ta gjerne kontakt med oss i lokallagsstyret.

Det gjeld både om du vil vite meir om ei eller fleire av dei sakene som er omtala her, eller om du har saker du meiner vi bør engasjere oss i.

Vi tar også gjerne imot framlegg til gode arrangement som fremjar miljømedvit og naturglede.

God sommar!

Helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

v. Torgeir Parr Dimmen

orstavolda@naturvernforbundet.no

tlf. 90618728